



Husnes og Holmedal sokneråd har vedteke at den nye dåpsliturgien skal takast i bruk søndag i Husneskyrkja. Frå no av skal dei prøva ut ny liturgi i ulike gudstenester fram til dei nye liturgiar skal vera klare fyrste søndag i advent i år. Kyrkjelyden kan på ulike vis komma med innspel før soknerådet sender saken til biskopen for godkjenning

Eit viktig ledd i prosedyren blir soknerådsmøte der det blir vedteke ny lokal grunnordning for hovudgudstenester. Soknemedlemene kan imidlertid kome med innspel til soknerådet om kva dei meiner i høve nye liturgiar som vert prøvd ut.

Men korleis blir så sakshandsamlinga lagt opp i Uskedalen? Soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen opplyser at soknerådet har møte tysdag og då mellom anna vil drøfta ny liturgi.

Under årsmøtet i Uskedal sokn den 22. februar vil kyrkjelyden kunne få informasjon om arbeidet som skal gjerast i høve innføring av den nye ordninga, seier leiaren. Årsmøtet blir rett etter gudstenesta som byrjar klokka 15.30.

På biletet vert dei nye konfirmantane presentert.

Foto: Ola Matti Mathisen